

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING 2010

### ADMINISTRASJON

#### **Styre før ålmenningsvalet 14. april:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen</i> - leiar	(2006 – 2010)
<i>Birger Brækken</i> – nestleiar	(2006 – 2010)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2006 – 2010)
<i>Jørn Martin Joramo</i>	(2008 – 2012)
<i>Egil Killi</i>	(2008 – 2012)
<i>Øivind Groven</i>	(2008 – 2012)

#### **Styre etter ålmenningsvalet 14. april:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen</i> - leiar	(2010 – 2014)
<i>Birger Brækken</i> – nestleiar	(2010 – 2014)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2010 – 2014)
<i>Jørn Martin Joramo</i>	(2008 – 2012)
<i>Egil Killi</i>	(2008 – 2012)
<i>Øivind Groven</i>	(2008 – 2012)

#### **Varamedlemer 2008 – 2012:**

1. *Rune Fossmo*
2. *Nils Gråberg*
3. *Morten Hovhaugholen*

#### **Varamedlemer 2010 -2014:**

1. *Dag Siljehaug*
2. *Tor Bøe*
3. *Pål-Lasse Torstad*

#### **Valkomite:**

*Anne Elisabeth Sønstebø*  
*Bjørn Ødegård*  
*Reidar Brækken*

#### **Dovre elgutval:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Jorkvitlan grunneigarlag:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Revisor:**

*Ola Jakob Myhre (Revisorsenteret AS, Lillehammer)*

#### **Kontor:**

*Narve Tveiten (50% stilling - ålmenningsstyrar)*

Det er halde 11 styremøte og 54 saker er behandla. Årsmøte vart halde på Joramo Utmarkssenter 14. april med 4 styremedlemer, 2 andre bruksrettshavarar og styrar til stades.

## **SPESIELLE STYRESAKER I 2010**

### ***Ambulansestasjon***

Styret har inngått avtale med Sykehuset Innlandet HF om leige av lokale til ambulansestasjon fram til 01.01.2026. Årleg leige er sett til kr 220.000 med indeksregulering.

Den nyaste delen av kontorbygget skal byggjast om, og det skal byggjast ny garasje. Etter tilbudsrunde er det Dombås Bygg , Dovre Rør og Lesja Dovre Elektro som har fått oppdraget med utbyggjinga til ein totalsum på ca 1,7 mill. kroner. Ambulansestasjonen skal stå klar til innflytting 01.02.2011. Roar Nilstad er innleigd som konsulent i samband med utbyggjinga.

### ***Sal av Mølla og Møllarstugu***

Jørn M. Joramo og Hans Jakob Aspehol har kjøpt Mølla og Møllarstugu. Dei har som utgangspunkt å ta vare på bygningane og presentere staden for eit breidt publikum i turistsatsing. Kjøpesummen er på kr 50.000.

### ***Bruksrettsak***

Spørsmålet om bruksrett til eigedomen Kongslykkja etter frådeling av gardstunet i 2005, er vurdert av juristar med kompetanse på ålmenningsrett. Konklusjonen er at eigedomen framleis har bruksrett i Joramo bygdealmening, sjølv om det i dag ikkje er bebyggelse på eigedomen knytt til jordbruksdrift. Dette er i strid med retningslinjer for tildeling/inndraging av bruksrett frå Norsk Almenningsforbund, og som styret har støtta seg til. Styret vil ta saka opp med forbundet på nyåret for å vurdere korleis ein skal forhalde seg til kravet frå eigar av Kongslykkja om å oppheve vedtak om bortfall av bruksrett til eigedomen.

### ***Samarbeid om bioenergi i Lesja og Dovre***

Prosjekt Biovarme i Lesja og Dovre vart avslutta pr. 01.12. Innovasjon Noreg har støtta prosjektet med kr 65.500. 50 skogeigarar i Lesja og Dovre har meldt interesse for å delta i biovarmeselskap, der målet er å levere varme til aktuelle kundar. Prosjektgruppa vil halde fram sitt arbeid til skogeigarane har valt interimstyre for å vidareføre arbeidet til gruppa og førebu stifting av selskap.

Etter møte med Forsvarbygg i november er det klart at det er ynskje om overgang til biovarme ved HV-skulen Dombås. Det har vore møte med Dovre kommune om konvertering frå strømfyring til biovarme for kommunale bygg på Dombås. Kommunen ser det som aktuelt å vurdere overgang til biovarme for svømmehall og samfunnshus i samband med utvikling av området vest for E-6. Det har og vore møte med utbyggjar Øivind Frich for høyre om biovarme kan vera interessant fyringsalternativ for nytt hotell i Dombås sentrum.

Lesja kommune vil ta stilling til omleggjing til biovarme i Lesja sentrum når klima- og energiplan er klar i løpet av 2011.

Prosjektgruppa har gått inn for etablering av flissentral på Jora Næringsområde eller i Mysusmørbakken for å forsyne lokale biovarmeanlegg. Styret i Joramo bygdealmening er positive til bortleige av tomteareal til flissentral i Mysusmørbakken.

### ***Materialbank***

Ålmenninga er med i eit prosjekt for å få etablert ein materialbank for kommunane Lesja, Dovre og Sel. Materialbanken skal ha oversikt over aktuelle bestand av vyrke som har kvalitetar som ein er ute etter i samband med restaurering og rehabilitering av freda og verneverdige bygg. Vidare skal lokale sagbruk som har kompetanse og vilje til å foredle vyrket knytast til materialbanken. Prosjektleiari er Regionkontoret for Nord-Gudbrandsdal.

### ***Motocrossbane***

Styret har inngått avtale med Dovrefjell MX-klubb om leige av eit 25 da stort areal til motocrossbane i Mysusmørbakken. Klubben var heldige med å få tilført store mengder overskotsmasse frå anlegg av ny rundkøyring i Dombås sentrum, noko som gjorde at dei spara store beløp på byggjinga av banen. Påstått rasering av krigsminne i samband med utbyggjinga skapte overskrifter i lokale aviser, men det viste seg at påstandane var ugrunna.

### ***Vegvedlikehald Jernbaneverket***

Jernbaneverket (JBV) har stått for ei storstila opprusting av Brannvegen og Grønbogvegen i haust. Det er lagt vegduk ved behov, køyrt på 20 cm bærelag og topplag med knust grus. JBV har brukt nesten 2,7 mill. kroner på opprustinga. Styret har inngått avtale med JBV om bruksrett til Grønbogvegen for tilsyn med jernbaneanlegga. Ålmenninga skal ha det framtidige vedlikehaldet, men dersom vegen blir påført skader av tyngre køyrety i samband med anleggtrafikk, er JBV ansvarleg for skader på vegen. Frå før av har JBV avtale om bruk av Brannvegen.

### ***Prosjekt Jora Næringsområde***

Arbeidet med reguleringsplan for nye næringsareal etter komunedelplan for Dombås er i gang. Området rundt Mølla/Møllarstugu blir med i planen. Det har vore diskutert å etablere eit felles selskap med utgangspunkt i det interkommunale selskapet Jora Industribygg, ved at Jora Næringspark, Snøhetta Næringspark og Joramo bygdealmening går inn som medeigarar. Oppgåva til det nye selskapet vil bli å sørge for vidareutvikling av næringsområdet for å få nye inn nye aktørar og leggje til rette bedrifter som allereie er etablert i området.

## **BRUKSRETT**

Pr. 31.12.2010 var det 111 bruk i Lesja og 48 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 159 bruk. Det er ingen endringar i høve til førre året.

Det er utbetalt kr 267.796 i *bruksrettsytingar* og kr 69.879 i *tilskot* til bruksrettshavarar, totalt kr 337.675.

Det er *utvist ved* på rot til 17 bruksrettshavarar - volum ca 60 m<sup>3</sup>.  
Det er utvist 48 m<sup>3</sup> massevyrke som vedutvisning til 7 bruksrettshavarar.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

Det er 15 aktive medlemmer i Jora beitelag, 8 med sau og 7 med storfe.

2028(1861) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 25 (23) søyer og 145 (123) lam gjekk tapt. Av desse er 17 sau/lam drepne av toget. Aukande bestand av kongeørn og rev har nok ført til større lammetap.

I tillegg har 160 (165) storfe og 7 (7) geiter beita i ålmenninga. Ingen storfe eller geit er tapt.

## SKOGENS DRIFT

### *Skogkultur*

Det er *planta* 5085 furuplanter på 27 da ovanfor Hindåvegen.

Det er *avstandsregulert* 8 da nordafor Miljøstasjonen.

Kulturarbeidet er utført av Olav Brendjord på oppdrag Mjøsen Skog.

### *Skogsdrifter sesongen 2009/-10.*

#### ***Drift 1. Frøtrestillingshogst ovanfor Hindåvegen utført av Skurdal & Rolstad Tømmerdrift:***

#### **Inntekter**

<b>Sortiment</b>	<b>Volum m<sup>3</sup>:</b>	<b>Verdi:</b>	<b>Pris pr. m<sup>3</sup>:</b>
Massevyrke furu	273,81	54762	200,00
Furu sagtømmer grovt	18,26	9477	519,00
Furu sagtømmer sams	485,35	205346	423,09
Furu sagtømmer utlegg	12,43	2096	168,62
Furu sagtømmer vrak	0,13	0	0,00
Furu sagtømmer toppmålt	72,38	40316	557,00
Furu sagtømmer	34,19	9805	286,78
Furu laft toppmålt	51,68	31938	618,00
Vraka vyrke	2,70	0	0,00
Furu lengeavdrag	0,71	0	0,00
Furu diameteravdrag	1,52	0	0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>953,16</b>	<b><u>353740</u></b>	<b><u>371,12</u></b>

#### **Utgifter:**

Driftsutgifter	948,10	118522	125,01
Måleutgifter	767,11	3515	4,58
Avvirkningsavgift	0,00	4927	0,00
FOU-avgift	944,38	947	1,00
<b>Sum utgifter</b>		<b><u>127911</u></b>	<b><u>134,20</u></b>
<b>RÅNETTO</b>		<b><u>225829</u></b>	<b><u>236,93</u></b>

Andel massevyrke: 29%

Andel vrak, utlegg og avdrag av innmålt sagtømmer og laft: 3%

**Drift 2. Avskoging av areal til motocrossbane i Mysusmørbakken:**

<b>Inntekter</b>			
<b>Sortiment</b>	<b>Volum m<sup>3</sup>:</b>	<b>Verdi:</b>	<b>Pris pr. m<sup>3</sup>:</b>
Sagtømmer	34,73	14572	419,57
Utlegg, vrak, avdrag	0,81	91	112,35
Ved bruksrett	48,00	11520	240,00
Ved andre	67,50	17000	251,85
Portstolpar	3 stk	3000	
Staur og stolp	3756 stk	22536	
<b>Brutto totalt</b>		<b>68719</b>	
<b>Utgifter:</b>			
Driftsutgifter		74124	
Utgifter/avgifter Mjøsen		464	
Godtgjersle MX-klubben		10000	
<b>Sum utgifter</b>		<b>84588</b>	
<b>RÅNETTO</b>		<b>-15869</b>	

Det meste av hogsten og ein del lynning vart utført av medlemmer av MX-klubben med varierende erfaring med skogsarbeid. Kapping vart i hovudsak utført av Olav Brendjord, medan Bjørn Ødegård stod for framkøyning.

Drifta gjekk med stort tap. Noko av årsaken til dette var at mykje av det nedfelte vyrket vart lynt i hop i store haugar, og det førte til at det vart arbeidssamt med kapping. I tillegg måtte mykje av vyrket kvistast oppatt.

Det dårlege resultatet av denne drifta skuldast i stor grad tidsnaud og dårleg planleggjing pga at det hasta med å få rydda arealet for å kunne ta imot overskotsmasse frå rundkøyninga i Dombås sentrum.

**Samandrag tømmeravvirkning:**

Innmålt gjennom tømmermålinga	989 m <sup>3</sup>
Bruksrettsved på rot	60 ”
Bruksrettsved massevyrke	48 ”
Ved til andre	<u>83 ”</u>
Avvirka totalt	<u>1180 m<sup>3</sup></u>

Balansekvantum etter skogbruksplanen er 1280 m<sup>3</sup>.

**JAKT****Prisar på jakt**

Prisane på jakt vart ståande uendra frå 2009.

### ***Elg- og hjortjakt***

Fjellfeltet      Lag:                    *Hans Olav Arnekleiv*  
Kvote elg:        1 eldre ukse, 1 eldre kolle og 1 kalv/ungdyr.  
Kvote hjort:      1 fritt dyr  
Felling elg:        1 ukse (209 kg), 1 ungdyr ukse (140 kg) og  
1 eldre kolle (195 kg).

Skogfeltet      Lag:                    *Jon Ove Solstad*  
Kvote elg:        1 yngre ukse og 2 kalv/ungdyr.  
Kvote hjort:      1 fritt dyr  
Felling elg:        1 eldre kolle (150 kg – skadeskyting/kassert), 1 eldre kolle (159  
kg – feilskyting) og 1 ungdyr kolle (142 kg)

Ingen hjort vart felt.

### ***Spesiell hjortjakt***

Laget til *Bjørn Svendsgard* var tildelt spesiell hjortjakt i perioden 01.11 - 15.11., men trekte seg.

### ***Småviltjakt***

Oversyn over kortsal:

<b>Korttype:</b>	<b>Prisar (u.b./i.b./br.r.)</b>	<b>Utanbygds:</b>	<b>Innanbygds:</b>	<b>Bruksrett:</b>
Sesongkort med hund (rupe+hare)	900/450/0	20+9	6 (inkl 4 gave)	4
Sesongkort utan hund	890/440/0	9	3	2
3-dagars kort med hund	500/---/---	0		
3-dagars kort utan hund	490/---/---	2		
Snurrufangst	250/250/0		0	

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2009 i parentes):

Hare: 6 (7) stk. på 23 (80) jakt dagar fordelt på 3 (11) jegerar.

Rupe: 113 (52) stk på 174 (95) jakt dagar fordelt på 38 (28) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane:

Hare: God/middels

Rupe: Stort sprik – store variasjonar mellom område?

Ove Killi gjekk tre dagar jakt oppsyn. Dei jegerane som vart kontrollerte sette pris på at det var oppsyn i terrenget. Det vart ikkje registrert tilfelle av ulovleg eller ureglementær jakt.

### ***Reinsjakt***

*Snøhetta:*

Kvote:            2 frie dyr, 2 kluftebuk, 6 simle/ungdyr og 5 kalv.

Felling:          1 eldre bukk, 5 simler og 3 simlekalvar ( fellingsprosent=60)

*Rondane nord:*

Kvote:            1 fritt dyr u. 50 kg, 1 simle/ungdyr u. 40 kg og 1 kalv.

Felling:          1 simle og 1 simlekalv ( fellingsprosent=67)

### **Rådyrjakt**

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Runar Rise*  
" " 2 (nord for Raumabanen): *Erland Løkken*  
Individuell bukkejakt (sør for E136): *Tarjei Løkken (trekte seg)*  
Kvote: 5 dyr  
Felling: 2 geit (i felt 2)

### **Rovdyrjakt**

Laget til *Gunnar Holum* fekk løyve til å jakte gaupe i ålmenninga under kvotejaka.

## **UTLEIGE NÆRINGSBYGG**

### **Leigetakarar pr. 31.12.2010:**

Norsk Landbruksrådgivning Gudbrandsdalen: *Leif Martin Svisdal* - rådgjevar  
Q-meieriene: *Kari Austvik* - produksjonsveileder

## **ØKONOMI**

Rekneskapen for 2010 syner eit underskot på kr 27.323. Det som har påverka resultatet mest er:

- Stor utbetaling i bruksrettsytingar og tilskot, kr 337.675 mot kr 196.659 i 2009
- Underskot i utleige kontorbygg med kr 77.229
- Sal av Mølla/Møllarstugu, gevinst kr 43.493
- Utgifter til innleigd konsulent i samband med byggjing av ambulansestasjon, kr 41.175
- Auka lønskostnader pga overtid styrar, kr 32.866 (etter ordinær timesats)
- Bra resultat av skogsdrifta ved Hindåvegen med ein rånetto på kr 237 per m<sup>3</sup>
- Ålmenninga har motteke kr 65.500 i tilskot frå Innovasjon Noreg til Prosjekt biovarme i Lesja og Dovre. Kr 14.500 er brukt til dekning av direkte utgifter, kr 26.320 til eigeninnsats av ålmenninga ved styrar og kr 18.680 til eigeninnsats av andre. Kr 6.000 er sett av som reserve til dekning av utgifter i etterkant av prosjektet.

Tilgangen på likvide midlar er endra pga utbyggjinga av ambulansestasjon. Pr. 31.12.10 var inneståande beløp i bank og kasse kr 1.094.147. Det er ein nedgang på kr 579.970 i høve til året før. Styret har vedteke å ta opp banklån stort kr 700.000.

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog er kr 47.039 (opp kr 15.514).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 633.125 (opp kr 292.409)

Kortsiktige krav er kr 186.259 (ned kr 60.447)

Joramo Næringstun, 16. mars 2011

Tor Ivar Hovhaugholen  
styreleiar

Birger Brækken  
nestleiar

Jørn M. Joramo

Eva Nordlie

Øivind Groven

Egil Killi

Narve Tveiten( styrar)